



Klage (fullstendig klageforskrift: sjå heimesida til skulen)

Generell klagefrist er 10 dagar. I nokre fag med sentral sensur er det hurtigklagefrist med tanke på opptak til studium hausten 2019.

Eventuelt endra vitnemål som følgje av klagebehandling må vere universitet/høgskular i hende i midten av juli. Datoen er ikkje klar. Du må gje skriftleg melding til opptaksorganet innan ordinær frist dersom du har klaga på ein karakter.

Klage på standpunktkarakter:

Klageinstansen skal ikkje vurdere om karakteren er feil.

Klageinstansen skal berre vurdere om det er gjort formelle feil (t.d. manglande varsel)

Klage på eksamenskarakter :

a) Munnleg eksamen:

Det kan berre klagast på formelle feil. Formelle feil kan vere:

- at eksamensoppgåva ikkje er innafor kompetansemåla i læreplanen
- at kandidaten ikkje får bruke hjelpemiddel som er tillatne i følgje retningslinjene
- urimelege avbrot og forstyrringar

b) Skriftleg eksamen:

Eleven bør rådføre seg med faglærer før klage vert sendt.

Ei klagenemnd avgjer om eksamenskarakteren er urimeleg.

Karakteren kan verte ståande eller den kan verte endra (ned eller opp).

Resultatet av klagehandsaminga er endeleg og kan ikkje klagast på.